

## Å bli fortalt

*Kva sameinar eit folk? Hærar? Gull? Banner?*

*Nei.*

*Historier. Ingenting er mektigare enn ei god historie. Ingenting kan stoppe henne. Ingen fiende kan slå henne.*

No kunne eg kasta på luggen og lest som om dette var mitt sitat, men det ville vore dristig. Av alle dei titals millionar menneska som såg sesongavslutninga på Game of Thrones for litt sidan, så sit det vel eit per sjeler her også. Og då veit de at dette er Tyrion Lannister sine ord. På slutten av dette monumentale eposet, etter at folk frå alle verdsrokrokar i fleire år har funne saman og levd seg inn i forteljinga om dei sju kongedøma og kampen om jerntrona, etter intrigar, drakekampar, blodbad, mytteri, endelause analysar, så koker Tyrion det heile stillferdig ned til dette eine: Det er dei gode historiene som sameinar oss. Ingenting er mektigare enn ei god historie.

\*\*\*

Det finst ei enkel forteljing eg trur de kjenner. Og det er Alf Prøysen si forteljing om *Geitekillingen som kunne telle til ti*. Han startar med seg sjølv, slik vi alle gjer. Han står og ser vel og lenge på spegelbiletet sitt i ein vasspytt. Og så seier han "En". Det er det ein kalv som høyrer, og han lurar på kva geitekillingen driv med, og geitekillingen fortel at han kan telje. "Jeg er en, og du er to", seier han. Kalven spring gråtande til kua, slik kalvar gjerne gjer, og fortel kva som har råka han. "Geitekillingen teller meg!" Kua bles seg opp og blir sint, men geitekillingen tel henne også, like forpinna. Ein – to – tre.

Og her kan eg kjenne på den kriblande uroa eg kjende på som barn, i møte med denne forteljinga. Det er nesten som eg kan høyre kor den vesle geitekillingen ler panisk, etter kvart som han sprett av garde og turrar på seg stadig større og meir rasande norsk bufe. Han klarer ikkje stoppe. Han vil ikkje stoppe.

Han oppfører seg slik ein kunne bli dersom ein fekk besøk av foreldre og barn ein ikkje kjende så godt, før i tida. Ein kunne bli heilt oppskrudd. Søsete, sa vi. Ein kunne stille seg opp midt på plenen og rope "bæsj og promp", stikk i strid med alt. Rasande blikking frå dei med oppdragaransvar sette berre fart på elendigheita. "Bæsj og promp!" ropte ein, i fistel, medan perifere lærarskulevenner av opphavet eller supaslekt på gjennomreise sette seg til kaffibordet. Slik ser eg føre meg at geitekillingen har det. Han er plutseleg synleg. Han har makt til å forstyrre. Og han tel, som i ein rus, meir iherdig til fleire som prøver å stoppe han.

Eg veit veldig godt kva som er mitt geitekillingen-augneblink i livet: Det var ikkje då eg forsto at eg kunne telje, det var då eg forstod at eg kunne FORTelje.

Fordi å kunne fortelje er å bli synleg. Det er å plutseleg ha definisjonsmakt. Som barn hadde eg ei heilt klar kjensle av at det verkelege – det ekte – gjekk føre seg ein heilt annan stad enn der eg vaks opp. Dei formande forteljingane, definisjonane og premissane; dei kom alltid flytande på dei sjeldne og solvarme austavindane. Forteljinga om jula, til dømes. Det er ikkje råd å kome i skikkeleg julestemning utan meterdjup poffesnø. Slik ein heller ikkje kan kome i retteleg vårstemning før blåveisen og hestehoven er komne.

Vi hadde aldri slik snø til jul. Vi hadde slaps og nordvest. Og vi hadde verken blåveis eller hestehov. Bakkane heime var fulle av kvitveis og løvetann kvar einaste vår, men kva hjalp det? Eg gjekk likevel med den murrande kjensla av at jula mi og våren min var feil.

Det var eit sjokk for meg, som ung barnebokforfattar, å oppdage at eg hadde reiskapane eg trengde for å fortelje min barndom slik at han vart sentrum i staden for periferi. At eg kunne gjere meg og mitt synleg i den store høgtalaren. Det kjendest nesten som ein rus. Det hender det går heilt til hovudet på meg framleis. Av og til kjennest det nesten ut som det veks ut horn på hovudet mitt – så full av makt kan eg kjenne meg når eg skriv om fjøra og disktriktsskulane og vinterstormane og løvetennene.

Eg trur det ligg djupt og grunnleggjande i oss, dette ønsket om at forteljinga om oss, den som er fortald frå vårt perspektiv, skal bli synlege for dei andre. Eg er dotter av ein lokalavisredaktør, og eg veit at viss det har vore basar eller hjartemarsj eller kva som helst, og det av ein eller annan grunn ikkje har kome i avisa, så er det ikkje dei stakkarane som ikkje var der som etterlyser stykket – dei som hadde trengt å lese om det, fordi dei ikkje veit kva som skjedde. Nei, det er utelukkande dei som var der, dei som veit nøyaktig kva som skjedde – det er dei som vil lese stykket i avisa.

– Var det ikkje 17.mai i Eidsdal i år, spurde ein lesar av lokalavisa Storfjordnytt det året dei ikkje makta å besøkje alle bygdelaga, sidan 17.mai var på same dag som avisa gjekk i trykken. Og Tiril Rem konkluderer på innsida i Dag og Tid: Det er som om ingenting har hendt, om det ikkje blir referert.

Vi treng å bli fortalde – men, og det er viktig: Forteljinga om oss må kome frå det punktet vi står på.

For på same måten som det finst ei berusande makt i det å kunne fortelje, ligg det også – for å bruke geitekillings-bildet – ei potensiell maktesløyse i å bli fortalt.

”Viss du ikkje slår av på rekninga, så skal eg folkeliivsskildre deg så du aldri får eit dagsarbeid meir i heile ditt liv”, skal Jakob Sande ha sagt til ein handverkar frå Fusa, som hadde vore litt raus med nullane.

Eg forstår godt at folk er redde for å bli fortalde, slik dyra kring geitekillingen er redde for å bli talde. Forteljarmakt og avmakt ser vi heile tida.

Og når vi ser oss i spegelen, eller i ein vasspytt, og fortel oss sjølve, så fortel vi ofte andre i same slengen. Og dermed pliktar vi å reflektere over dei maktforholda vi står i.

\*\*\*

Forteljinga om Ivar Aasen og reisene hans er del av mi sjølvforståing. Forteljinga om nynorsken bind meg saman med mange av dykk. Og å vere

nynorskbrukar er kanskje mi einaste verkeleg minoritetsoppleving. Eg veit korleis det er å vere i mindretal; korleis det er å vere prisgitt velviljen til eit fleirtal.

Og som nynorskbrukar blir eg ofte raust tilbydd geitekillingrolla. Kva utfordringar møter du med å skrive nynorsk? Korleis er det vanskeleg?

Og eg skal love dykk at det er freistande å gå inn i rolla som nobel barnebokforfattar som trassar språkleg urettferd og gjennom kampen sin gir stemme til tusenvis av stemmelause barndomar i løvetannlandet her vest. Men er eg geitekillig eller kyr, her eg står? Eg har ikkje stira særleg grundig i sølepytten dersom eg stiller meg opp her som stemnetalar på Aasen-tunet og prøver å framstå som marginalisert. EG er ikkje marginalisert. Eg har blitt gitt eit språk som gir meg makt. Forteljinga om nynorsken er ei forteljing om ein underdog, ja, men eg er ingen underdog. Språket mitt har aldri vore ei hindring. Det har alltid vore det motsette. Det er ein av premissane for at eg kan fortelje.

Minoritetserfaringa som ligg i forteljinga om nynorsken, bør mest av alt sette meg i stand til å få auge på andre og meir alvorlege minoritetserfaringar

For kvar gong vi bind oss trygt og godt saman med ei historie, så står vi også i fare for å fortelje nokon slik at dei blir definert ut.

Ingenting er mektigare enn ei god historie, seier Tyrion. Mot henne har vi ingenting å stille opp med.

Og det er her det heile blir verkeleg alvorleg. Det komiske i forteljinga om geitekillingen er at han er så liten, og definerer dei store. Men makta fortel også forteljingar. Tenk kor mange kommunikasjonsbyrå verda over som jobbar med å byggje historier? Vi veit kor kynisk forteljingar blir brukte for å sikre makt. Eg kan sjå korleis den mektigaste mannen i verda lyg og turar fram som han vil, korleis kva som er sant og usant blir heilt underordna, fordi forteljinga han fortel fungerer. Eg kan sjå politikarar her i landet også, som bevisst spelar på det reddaste og mest sjølvsentrerte i oss og fortel enkle, lukka forteljingar der det ikkje er plass til alle.

\*\*\*

Det er behageleg å vere inkludert ei historie. Men til tryggare vi er i forståinga av kven vi er og kven vi er knytte saman med, til viktigare er det at kikkar i sølepytten. Det er ikkje alltid det er geitekillingen som stirar tilbake, sjølv om vi gjerne vil tru det.

Ingenting er mektigare enn ei god historie, seier Tyrion. Utanom éin ting, kunne han lagt til: Ei historie som er endå betre.

For når Tyrion seier dette om historier i siste episode av siste sesong av Game of Thrones, så er det ikkje dei enkle maktforteljingane han viser til. Dei forteljingane har spela falitt og ligg avkledde og oppbrende på slagmarkene. Tyrion vender sine øyre mot eit heilt anna punkt. Eg vel å kalle det geitekillingen-punktet.

Og det er her håpet ligg. Når tida går, så kjem det alltid ei ny forteljing som nyanserer den gamle. Og til fleire store og sterke den nye historia kler av, og til sintare og farlegare dei store blir, til meir krakilsk og oppøst blir geitekillingen. Eg har så veldig tru på dei forteljingane som sprengjer seg fram frå nye punkt. Forteljingane som opnar opp det rommet dei gamle forteljingane hadde lukka igjen. Skeiv historie, postkolonial historie, historia om kvinnefotballen, historia om fornorskingspolitikken frå samane sitt punkt, Vesaas-prisvinnar Zeshan Shakar si forteljing frå Tante Ulrikkes vei på Stovner, Metoo-forteljingane.

Ja, alle dei historiene som blir til når den fortalde begynner å fortelje.

Det ligg nemlig i forteljingane sin natur at plutseleg er det ein geitekilling som sprett opp og snur alt på hovudet. Som tel, eller fortel, og gjer dei store til objekt, fordi han har oppdaga at han plutseleg har eit språk.

Og det er han som bergar alle til slutt.

*Maria Parr*